



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
22.09.2017
Dykkar dato
25.08.2017

Vår referanse
2008/1964- 561
Dykkar referanse
200801969-33

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om planendring for Mjølsvik kraftverk i Høyanger kommune

Vi viser til oversendinga 25.8.2017 med søknad om planendring for Mjølsvik kraftverk.

På grunn av ny teknologi og økonomien i prosjektet ønskjer søkar å endre inntaksstad frå kote 385 til kote 405, leggje øvre del av vassvegen i fjell, og auke vassutnyttinga frå 165% til 200% av middelvassføringa. Endringane vil auke det årlege energiutbyttet med 2,8 GWh.

Fylkesmannen meiner at inntak på kote 405 i staden for 385 vil vere meir synleg i landskapet, men at føremonene ved at øvre del av vassvegen frå kote 405 til 155 vert lagt i tunnel likevel er større. Det er også positivt at det ikkje vert bygd veg fram til inntaket, dvs. at veg berre vert bygd like langt som røyrkata. Ut frå foto (figur 2) i miljørapporten samanheldt med kart, kan det sjå ut som det kan verte mindre inngrep ved at tunnelen vert trekt ned mot kote 150, utan at vi er sikre på dette. Det er viktig at området med overgang frå tunnel til røyrgate og kring røyrkata vert fint stelt til etter anleggsarbeidet. Vi rår til at deponi 1 like ved Mjølsvikelva utgår av omsyn til landskapet, og at det i staden vert lagt meir tunnelmasse på deponi 2 og 3.

Auka slukeevne vil redusere dynamikken i vassføringa ytterlegare, samanlikna med det som ligg til grunn for konsesjonen. Dette vil vere negativt for vassstilknytte artar i og ved elva, og for landskapsopplevinga. Samtidig vil den maksimale slukeevna for Mjølsvik kraftverk likevel liggje på vanleg nivå for småkraftverk som får konsesjon i dag, og justeringa vil auke energiutbyttet. Vi vil alt i alt ikkje rå frå den auka vassutnyttinga.

Med helsing

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Høyanger kommune